

Næringsavdelinga (Utval for Natur og Næring)

Kommuneplanen sin tekstdel – om Næringsavdelinga

Landbruk

Produksjonsareala skal ikkje takast i bruk til andre føremål utan at andre svært viktige samfunnsinteresser tilseier det.

Kommunen skal ha fokus på landbruket som viktig verdiskapar av mat, kulturlandskap, arbeidsplassar og miljø. Det tradisjonelle landbruket skal vidareutviklast som nyskapande næring, gjensidig nytteverdi med reiselivet og rolla for busetnad. Utnyttinga av jord- og skogressursane skal skje på ein berekraftig måte.

Industri

Gol kommune skal ha tilgjengeleg areal for nyetablering i og utanfor sentrum.

Reiseliv, handel og tenesteyting

Gol kommune skal stimulere til eit framtidsretta reiseliv og til samarbeid mellom aktørane. Gol skal vera den fremste staden i Hallingdal for detaljhandel og privat/offentleg tenesteyting. Gol skal vera attraktivt som framtidsretta reisemål.

Natur og miljø

Gol kommune skal ta vare på natur og miljø. Gol kommune skal medverke til heilskapleg forvaltning av naturressursane gjennom forvaltningsplanar og konkrete tiltak.

Riktig tilretteleggjing skal gjera det attraktivt å nytte naturen

Ansvarsområda som er med – storleik på avdelinga og fråvær 2015 (%)

2,8 stillingsheimlar

Ansvar	Ansvarsbegrep	Ev. endringar	Stillingsh. (2015)	Fråvær 2015
4200	Avd. leiding næring/miljø			0,2 %
				0,2 %

I tillegg er Gol vert for Hallingdal Etablerarsenter, underlagt eige styre – 80 % stillingsheimel. Vidare deler Gol kommune på skogbrukssjef og miljøvernkonsulent med Hemsedal kommune.

Fordeling – rekneskapsartar (alle tal i heile 1.000 kr)

Tekst	R 2014	Just B 2015	R 2015
Sum driftsutg.	9.128	5.793	7.548
Sum driftsinnt.	-3.310	-1.375	-2.537
Netto finansutg.	-2.905	-1.935	-1.996
NETTOUTG.	2.913	2.483	3.015

Fordeling – nettoutgift pr. ansvar (alle tal i heile 1.000 kr)

Ansvar	R 2014	Just B 2015	R 2015
Avd. leiting næring	2.262	1.832	2.364
Ymse jordbruksførem	-	-	-
Landbruksvikar	-	-	-
Ymse næringsførem.	887	841	841
Jordbrukseigedomar	-1	-	-
Kommuneskogen	-230	-190	-190
Miljøvernleiar	-	-	-
Særsk. Miljø/naturv.	-	-	-
Fiske, jakt og viltstell	-5	-	-
NETTOUTG.	2.913	2.483	3.015

Utvikling av løn korrigert for refusjonar sjukefråvær (heile 1.000 kr)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Netto-løn	1.182	1.356	1.687	1.678	1.682	1.490

Frå 2012 til 2014 50 % stilling som næringskonsulent

Avvik – nærvær og rekneskap

Avvik både m.o.t. fråvær og rekneskap er marginale. Avvik i høve til budsjett skyldast uføresette kostnader i samband med Epc prosjektet og kostnader til omorganisering og dertil flyttekostnader. Samt noe etterslep på prosjekt midler som kommer inn i løpet av 2016



Mål og måloppnåing 2015 -

Administrative mål	Mål i ord	Årsak til avvik/komm.
Felles	- Forsterke samarbeidet med dei andre Hallingdalskommunane - Utvikle kompetanse hjå medarbeidarane for å betre kunne ivareta nye krav om dokumentasjon og saksbehandling	- Kontinuerleg arbeid, men meir å gå på
Landbruk	- Beitebruksplan - Overhalde tidsfristar - Saksbehandling i samsvar med krav og fristar frå Fylkesmannen - Gardskart	- Blir ferdigstilt våren 2015
Miljø og vilt	- Skjøtsel og slått Renslotunet - Opprusting av Glitre friluftsområde - Skilting/sikring sentrumsnære stiar - Revidere viltkartopplysningar - Sette i gong EPC-prosjekt - Forvaltningsplan for vatn - Kartlegging av utsette drikkevasskjelder	- løpende - Arbeidet er pågåar - Ikkje prioritert - ressursmangel
Næring	- Utvide ramme for næringsfond – føremål utvikle og styrke næringslivet i Gol	- Ramme gitt av inntekter konsesjonsavgifter og renteinntekter frå næringsfond

Mål og tiltak 2016

Personal

- Forsterke samarbeidet med dei andre Hallingdalskommunane

Kompetanse

- Utvikle kompetansen hjå medarbeidarane for å betre kunne ivareta nye krav om dokumentasjon og saksbehandling

Teneste - Landbruk

- Oppretthalde den gode servicen ut mot brukarane og dermed aktiviteten i landbruket.
- Følgje opp tiltaka i beitebruksplanen og sjå at den fungerer
- Medverke til å oppretthalde aktiviteten for skogbruket gjennom bygging av skogsbilveger og drift av skog i bratt terreng.

Teneste - Miljø og vilt

- Bistå eining for eigedom med EPC-prosjektet for kommunale bygg
- Følgje opp elgmerkeprosjekt for Hallingdal og Valdres

- Slutføre universell utforming av badeområdet på Glitre friluftsområde dersom Buskerud fylkeskommune gjev tilskot
- Skjøtsel og slått på Renslotunet
- Fortsatt fokus på skilting og merking av turstiane i Gol og i samarbeid med friviljuge organisasjonar, no Nystølfjellet løypelag, Gol IL, Søråsen løypelag og Grønlio grendalag.
- Starte arbeid for gjennomføring av tiltaka i «Forvaltningsplan for Vann» i Vest-Viken
- Halde fram revidering av storfugllokaliteter i Gol
- Kvalitetssikre og implementere data om naturtypar og arter i kommunen sine kartsystem
- Følgje opp forureiningssaker
- Kartlegging og verdisetting av friluftsområder
- Elgbeitetaksering
- Utarbeiding av oversiktskart for turstigar i Gol kommune
- Følgje opp prosjekt vilt og trafikk Hallingdal

Teneste - Næring

- Er nå videreført gjennom kommunalsje

